

UBUNTU – I am because you are

“Culture needs dialogue and dialogue needs culture! Understanding other cultures can prevent prejudice and hate e.g. xenophobia, racism, tribalism. It contributes to mutual understanding between societies and people”. UBUNTU

Ein danseproduksjon i tre aktar på 80 min. For publikum i alle aldrar.

Med dansarar frå

Bømlo DansLab (BDL) unge dansarar frå Bømlo, Simba Dance Ensamble (S.I.D.E.) frå Norge og Zimbabwe og ARA Kompani for samtidsdans (ARA) frå Latvia.

Levande musikk av SIMBA ARTS med musikarar frå Zimbabwe, scenelys av Yoav Barel frå Israel og Morten Haldorsen frå Bømlo.

Hans Olav Molde og Knut Erik Gilje bidrar lyd og teknikk frå Bømlo Kulturhus.

Framsyning juni 2017. I Bømlo Kulturhus og på Festplassen i Bergen under Bergen Afro Arts Festival (BAAF). UBUNTU vil være «headliner» under årests BAAF. Med andre ord, vert UBUNTU produsert på Bømlo og i Riga. Framsyninga vert eksportert til Bergen og Riga i fysste omgang – seinare til Zimbabwe om mogleg.

Ubuntu er eit spiretuelt afrikansk begrep som betyr «you are because I am» og vice versa. Vi høyrer alle saman og kan ikkje eksistere utan kvarandre. Simbarashe Norman Fulukia er den kreative drivkrafta bak UBUNTU produksjonen og dansepedagog i Bømlo Kulturskule. Han er utdanna ved Kunsthøgskulen i Oslo, tidlegare dansar i Carte Blanche og arrangøren bak BAAF. Han er godt etablert i dansemiljøet på Bømlo og brukar mykje av kulturbakgrunnen sin frå Zimbabwe i møte med den norske kulturen og dansemiljøet på Bømlo.

«Dansens bevegelser og dans som kunstuttrykk kan utforske forskjeller mellom mennesker og kulturer i frihet og frigjøringen av bevegelse. Dans uttrykker hensikten med min eksistens. Jeg danser fordi det er en måte å leve på «a way of life». Dans fremkaller personlige følelser og historier som man sammen forholder seg til i dansen» Simbarashe.

Han er også leiar for S.I.D.E , som held til i Norge og Zimbabwe. S.I.D.E har produsert framsyningar ved Bømlo Kulturhus tidlegare, dette blir den tredje i rekka . Produksjonane gav gode ringverknadar i lokalsamfunnet, samt styrka og inspirert dansemiljøet i kommunen.

PRODUKSJONEN

Bømlo Kulturhus er arena og medprodusent for produksjonen. Hovudaktivitetane foregår i Bømlo Kulturhus sin dansesal og konsertar i foajé og storsal. Prosjektet vil også være synleg ved forskjellige kultur – og iderntsarrangement, arbeidsplassar, seminar og handelssentrum der folk ferdast i heile den langstrakte kommunen. Bømlo Kulturskule ved lærerar og elevar deltar i produksjonen og Bømlo Kommune er med som økonomisk støttespelar. Utover produksjonen av sjølve UBUNTU framsyninga, inngår det fleire delprosjekt i produksjonen.

Bømlo DansLab

Innimellom dukkar det opp ressurspersonar som skapar ringvirkning lokalt med sin kompetanse, engasjement og nye måtar å tenke på. Saman med unge lokale danserar har Simbarashe forma *Bømlo DansLab*, ein unik danseformasjon for unge på Bømlo. Det er eit laboratorium for bevegelse kor kropp og følelsar konfronterast og utfordrar klassiske definisjonar av dans. Filosofien er at *kunst kan framførast kor som helst av kven som helst*. Rausheten i å la alle som vil få bli med, og eit stort nettverk både nasjonalt og internasjonalt gjer *Bømlo DansLab* unik. BDL har skapt møter både gjennom dans, musikk og kulturell utveksling. Då Bømlo DansLab er eit gratis tilbod i regi av S.I.D.E og Bømlo kulturskule opnar det muligheita for born som ikkje er ein del av kulturskulen til å delta. Med særleg blikk på at unge innvandrarar skal kunne være med. Det fyller også eit tomrom i dansekulturen på Bømlo og i regionen Haugalandet/Sunnhordaland. I kraft av DBL finns det i dag eit profesjonelt dansemiljø i regionen som tiltrekk unge danserar utover kulturskuletilbodet. BDL er også ein administrativ plattform for deling og utforsking for danserar, artistar og publikum. Gjennom seminar, workshops, eksperimentering og nettverksbygging i nærleik til naturen og samfunnet. Målet er å hente verda og kompetanse til unge bømlingar slik at dei får inspirasjon og moglegheiter innan dans og musikk sjølv i ein mindre distriktskommune.

BDL var utgangspunktet til dansecrewet *Unicorn Crew*, som mellom anna kom til fylkesfinalen i UKM.

ARA Kompani for samtidsdans

Som grep i målet om nettverksbygging, og å hente kompetanse og inspirasjon, er *ARA kompani for samtidsdans* invitert som medskaparar til UBUNTU produksjonen. ARA er eit Rigabasert prislonna

dansekompani med profesjonelle dansarar. ARA held workshops med kulturskuleelevar og BDL i februar og er viktig medskapar i produksjonen i mai og juni. Dei profesjonelle dansarane er inspiratorar og vegleder dei unge dansarane i produksjonsprosessen. Ein av dansarane i kompaniet er Anne Birthe Nord, født og oppvaksen på Bømlo. I dag busett i Riga.

UBUNTU er meir enn ein danseproduksjon

Motivasjonen bak *UBUNTU* er å vise at barn og unge gjennom kunst og dans kan bidra til å utvikle og formidle nye uttrykk og metodar for inkludering, toleranse og mangfald. Dei unge dansarane vert stimulerte til å vise at mangfald er eit positivt element i kunsten og samfunnet. *UBUNTU* er eit nyskapande prosjekt som tek sikte på å dele førelsar, kunnskap og erfaringar. Dansarane frå Bømlo, profesjonelle dansarar, kommunale kuturarenaer og institusjonar samarbeider. *UBUNTU* opnar også opp for ein dialog om dans, kunst og mangfald med andre lokale aktørar utover kulturfeltet.

UBUNTU viser at eigne og andre sine føresetningar kan skape mening og utfordre fordommar. *UBUNTU* set verdien av mangfald og inkuldering på dagsordenen i etablerte kommunale og lokale organisasjonar. Prosjektet opnar opp for nye måtar å skape og presentere dansekunst og kultur på. Det er også eit prosjekt som utover å styrke dansemiljøet i kommunen, også synleggjer dans i regionen.

Prosjektet gjev barn og ungdom uavhengig av etnisk opphav, danseerfaring og økonomiske ressursar, høve til å være ein del av ein danseproduksjon. Gjennom danselaboratoriet får dei erfaring, mestringsfølelse og eigarskap ved fleire sider av ein danseproduksjon. Som marknadsføring, «housing» av utanlandske dansarar, vertskap, kulturutveksling, planlegging, koreografi, scene- og produksjonserfaring. Og dei får muligkeit til å uttrykke seg og være med å skape kunstnariske uttrykk saman med andre gjennom dans og musikk.

«Happenings» i lokalsamfunnet og regionen i kraft av UBUNTU

SIMBA ARTS

Musikarar frå Zimbabwe står for den musikalske delen av produksjonen → **Marimbakurs**. For å spreie UBUNTU filosofien og som ein del av UBUNTU prosjektet, har Simba Arts donert to sett à fire marimbarer (xelofon) frå Zimbabwe til Bømlo og Bergen kulturskule. Marimba er eit tradisjonelt samspelsinstrument frå Zimbabwe. Det vert holde gratis kurs i marimbaspel med instruktørar. Ved lære marimbaspel kjem ein også tettare på UBUNTU filosofien. Det er ein måte skape nær – og augekontakt, forståing og samspel mellom menneske gjennom musikk. Dette kurset er også eit kurs

som legg vekt på å inkludere unge innvandrarar. Unge som i utgangspunktet ikkje er ein del av kulturskulen kan delta gratis då dette er eit gratistilbod i samhald med kulturskulen.

Marimba vil være eit betydeleg instrument i den musikalske delen av danseproduksjonen. Under BAAF vil kulturskuleelevar som har delteke i kurset opptre. Elevane frå Bømlo vil også være ein del av underhaldninga på 17 mai feiringa ved Våge skule.

Dansekurs

I februar, mai og juni vert det arrangert workshops med dansarar frå ARA på Bømlo. Barn og unge, elevar ved kulturskulen og andre deltek. Det vert lagt opp for opne gratis dansekurs for foreldre i perioden med workshops i mai og juni. Også dei vaksne nordiske kroppane har glede av å røre seg på lik linje med borna.

Lyskurs

Lystekninkaren Yoau Barel frå Israel held workshop med Morten Haldorsen og andre interesserte . Haldorsen er ansvarleg for lyssettinga under framsyninga.

UBUNTU i lokalsamfunnet

Opptrerar i samband med idrettsarrangement, sentrumsdagar, fleirkulturelle arrangement, kinopremierar, skuleavslutningar ol. Som fx dei årlege *kanaldagene* på Bømlo i september. For å utnytte UBUNTUS potensiale, utvikle sceneerfaring og gje publikum kulturopplevingar der dei finn seg.

Bergen Afro Arts Festival

UBUNTU er forprosjekt til den årlege BAAF og hovudframsyninga på programmet. Framsyninga reiser vidare til Bergen i juni i etterkant av Bømlo. Hausten 2017 skal framsyninga vidare til Riga.

Pressekontakt og marknadsføring

Det er lagt strategi for sosiale – og trykte (lokale) mediar. Dei unge i BDL er bidragsytarar på sosiale mediar til «posting» av relevant info om utviklingsprosessen og andre deler av UBUNTU prosuksjonen. På UBUNTUS' egne profilar/kanalar på fx facebook og instagram. Det vert dialog med lokale nyhetsmediar og andre marknadsføringskanalar. Både for å synleggjere framsyninga, BDL og begrepet *Ubuntu* som inspirasjon og motivasjon bak prosjektet.

Samarbeid med Bømlo Folkebibliotek

Signe Ytrøy er «utleigd» frå biblioteket som produksjonsleiar for UBUNTU. Biblioteket vil også bli brukt til å halde møter, seminar og lignande for foreldre og andre interesserte i prosessen. I juni vert det hulde eit foredrag/seminar med Simbarashe. For kommune, fylkeskommune og andre aktørar,

kor han fortel om korleis scenekunst kan påvirke lokalsamfunnet. Gjennom spm. om identitet, anerkjennelse og sosiale forandringar.

FORELØBIG PRODUKSJONSPLAN

- 15 - 28 feb. Dansetimar/koreografi med dansera frå ARA. Både VERTU og Bømlo DanceLab.
- 24-25 feb. Workshop. Bømlo DanceLab og ARA.
- 19 april. Dansens dag. Arrangement i kulturhuset og andre stadar på Bømlo.
- 17 mai - Ubuntu på Våge.
- 09 juni Lysworkshop. Event i forbindelse med fotballcup.
- Produksjonstid (musikk og dans), Bømlo DanceLab, S.I.D.E og ARA. 15 mai - 15 juni.
- 12 juni. Generalprøve + DKS + seminar på Bømlo Folkebibliotek.
- 13 juni. Framsyning.

ØKONOMI

| <i>Utgiftspost</i> | <i>Beløp</i> |
|---|--------------------|
| Produksjonsleiar | 62 000 |
| Kunstnarlege honorar | 150 000 |
| Trykk og marknadsføring | 20 000 |
| Reise og opphold for dansarar og musikarar | 60 000 |
| Diverse; transport til Bergen, BDL til Riga, uforudsette utgifter. | 90 000 |
| Produksjonskostnad, leige av lysdesign, utstyr (Bømlo kulturhus og 100 000 kulturskule legg arbeidstimar i prosjektet). | |
| | SUM 482 000 |

| <i>Inntektskilde</i> | <i>Beløp</i> |
|--|--------------------|
| Kulturspiremidlar (dekkar produksjonsleiar og billettar til gjesteopphold for profesjonelle dansarar). | 100 000 |
| FFUK | 16 000 |
| Bømlo Kulturhus, teknisk produksjon | 30 000 |
| Bømlo Kulturhus, lokaler | 20 000 |
| Billettinntekter med låge billetprisar | 25 000 |
| Bømlo Kommune | 8 000 |
| Utanriksdepartementet, reisestøtte | 40 000 |
| | SUM 239 000 |

- *Ubekrefta støttemidlar er søkt hjå;*
fylkeskommunen, kulturrådet, Nordisk Kulturkontakt og LNU, tilsaman om lag 250 000.
Ytterlegare støtte frå Bømlo kommune samt Bømlo Næringsråd og næringsliv vil også søkjast.
- UBUNTU treng støttemidlar til;
Kunstnarhonorar, marknadsføring, filming og dokumentasjonsmateriale, mat og transport samt andre produksjonskostnadar.